

Samarbeidsavtale mellom den offentlege tannhelsetenesta og asylmottaket/flyktningtenesta ikommune

Flyktningtenesta/asylmottaket sitt ansvar:

- Delta på årlege samarbeidsmøte med tannhelsetenesta. Tannhelsetenesta kallar inn til møte og skriv referat.
- Om mogleg, vel ein kontaktperson som er ansvarleg for samhandling med tannklinikken.
- Informere den offentlege tannhelsetenesta om kva barn (0-20 år), og andre som er omfatta av dei prioriterte gruppene jf. tannhelsetjenesteloven §1-3 bokstav a til e.
- Informere nye asylsøkarar og flyktningar om rettar og plikter som angår tannhelsetenesta jf. «Veileder for helsetjenestetilbudet til asylsøkere, flyktningar og familiegjenforente» (oppdatert 16.10.2018).
 - Tannregulering med fast apparatur er ikkje aktuelt før vedkommande har fått opphaldsløyve og har flytta til permanent bustad
 - Personar over 18 år blir belasta for avtalt time sjølv om han ikkje møter til time
- Informere bebuarane om at dei må ta med til tannklinikken:
 - Helseinformasjon
 - Id-kort med DUF-nr
- Legge inn tannhelse som tema på introduksjonsprogrammet, der tannhelsetenesta får eit fast innslag.

Tannhelsetenesta sitt ansvar:

- Orienter seg om korleis flyktning- og asylmottaka er organisert i sin kommune
- Kalle inn til årlege samarbeidsmøte, skrive referat frå møte.
- Sørge for å ha oversikt over asylsøkarar og flyktningar som er omfatta av dei prioriterte gruppene jf. tannhelsetjenesteloven §1-3 bokstav a til e.
- Gi kvalitetssikra tannhelseinformasjon tilpassa nivå, språk og behov, slik at pasienten/føresette blir i stand til å ta vare på si eiga tannhelse.
- Dele ut mappe med tannhelseartiklar til pasientar i gruppe a ved første besøk på tannklinikken.
- Sette i verk helsefremmande og førebyggjande tiltak som kan bidra til god tannhelse.
- Delta på flyktningtenesta/asylmottaket sine introduksjonsprogram med informasjon om oral helse.
- Bebuarar som fell utanfor dei prioriterte grupper må sjølv oppsøke tannlege ved behov. Den offentlege tannhelsetenesta vil så langt det lar seg gjere tilby behandling.
- Bestille tolketeneste dersom behov. Ved behandling av barn og andre i prioriterte grupper etter tannhelsetjenesteloven § 1-3, skal utgifter til tolketenesta dekkast av den offentlege tannhelsetenesta. Barn skal ikkje nyttast som tolk, og det er ikkje tilrådeleg å nytte pasienten sin familie og vener som tolk.

Dato/sign:.....

Leiar for flyktningtenesta/asylmottak

Dato/sign:.....

For tannhelsetenesta: Klinikkleiar/over-tannlege